

ORGANISASJONSPLAN FOR IDRETTSLAGET HØYANG



28.01.2020

Innhald

Idrettslagets formål	s. 3
Organisasjonskart IL Høyang	s. 4
Årsmøtet	s. 4
Styrets funksjoner og samansetning	s. 5-6
Revisor	s. 6
Valnemd	s. 6
Undergruppene	s. 6
Aktivitet	s. 6
Anlegg	s. 6
Arrangement	s. 7
Informasjon	s. 7
Økonomi og rekneskap	s. 7
Medlemskontingent	s. 7
Reklame/sponsoravtalar	s. 8
Klubbdrakt/logo/brevmal	s. 8
Reiserekning	s. 8
Foreldrekjøring	s. 9
Mobbing, seksuell trakassering og overgrep	s. 9
Politiattest	s. 9
Reint idrettslag / Fair-play	s. 10
Krisehandtering	s. 10
Reglar for IL Høyang	s. 10
Retningslinjer for IL Høyang	s.10
Retningslinjer for foreldre/føresette	s. 10
Retningslinjer for utøvarar	s. 11
Retningslinje for trenarar	s. 11

Formål

IL Høyang skal vere ein open og demokratisk organisasjon der formålet er å drive idrett organisert i Noregs idrettsforbund og olympisk og paraolympisk komité (NIF)

Arbeidet skal pregast av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd. Alle idrettslege aktivitetar skal byggje på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

Visjon

Idrettsglede, engasjement og plass til alle


Mål

- ✓ Rekruttere nye medlemmer og behalde dei vi har
- ✓ Skal vere open for alle og drive med idrett for alle
- ✓ Jobbe mot born, vaksne og innvandrarar
- ✓ Synleggjere medlemsfordelane som til dømes rabatt på Coop Sport'n
- ✓ Jobbe for å få utvida idrettshallen med ein sal ekstra
- ✓ Leggje til rette for treningstider
- ✓ Utarbeide aktivitetskalendar
- ✓ Halde kurs i bruk av hjartestartar
- ✓ Legge til rette for kurs etter behov for trenere, lagsleiarar og styremedlemmer i IL Høyang
- ✓ Auke foreldreengasjementet
- ✓ Ferdigstille påbyrja nettside
- ✓ Forsette det gode samarbeidet med kommunen og andre viktige støttespelarar og sponsorar
- ✓ Gjennomføre idrettsfest

Organisasjonskart IL Høyang

Hovudstyret: Består av eit arbeidsutval (AU) og alle gruppeleiarane som er styret sine styremedlemmer. AU består av leiar, nestleiar/kasserar, skrivar, webansvarleg og marknadsansvarleg.

Gruppene: Handball, fotball, turn, friidrett, allidrett, karate, innebandy, klatring og vinteridrett.



Årsmøtet

- ✓ Årsmøtet er lagets høgste myndigheit
- ✓ Årsmøtet vert halden ein gong i året. Seinast 31. mars.
- ✓ Protokollen frå årsmøtet skal sendast til SFIK, Høyanger Idrettsråd og til hovudsponsor.
- ✓ Innkalling til årsmøte skal skje seinast 1 månad før møtet er fastsett
- ✓ Innkalling annonserast i lokalavisa og på heimesida / FB.
- ✓ Innkomne forslag må vere styret i hende minst 2 veker før årsmøtet.
- ✓ Årsmøte er for medlemmer i klubben. Dvs dei som har betalt medlemskontingent.
- ✓ Årsmøte legg grunnlaget for styret sitt arbeid og alle som ønskje å bestemme korleis klubben skal drivast bør stille på årsmøtet
- ✓ Årsmøtet skal gjennomførast slik det er festsett i lovnorma.

Styrets funksjon og samansetning

Styret skal

- ✓ Planlegge og ivareta laget si totale drift , budsjett og rekneskap samt oppgåver pålagt gjennom NIF si lovnorm
- ✓ Setje i verk vedtak som vert gjort på årsmøte eller anna overordna idrettsmyndigheit
- ✓ Stå får dagleg drift og representere laget utad
- ✓ Disponere laget sine inntekter (tilskot, kontingent o.a.) og fordele desse etter plan og godkjend budsjett
- ✓ Utnemne komitear og utval etter behov, samt utarbeide instruks for desse

Leiar

- ✓ Er idrettslaget sitt ansikt utad og laget sin representant i møter og forhandlingar
- ✓ Stå får laget sin daglege leiing, koordinere styret og laget sin totale aktivitet
- ✓ Kalle inn til styremøter, AU møter i lag med skrivar og førebu saker og lede møta.
- ✓ Er ansvarleg for vedlikehald av politiattestar hos trenerar, oppmenn og andre personar i laget som vert pålagt attest.
- ✓ Ha oversikt over kven i laget som har kurs i bruk at hjartestartar
- ✓ Overordna ansvar for lagsbussen
- ✓ Sjå til at organisasjonsplanen vert gjort kjent for alle i klubben
- ✓ Vidaresende viktig informasjon frå idrettskrins og andre instansar til heile styret

Nestleiar

- ✓ Fungere som leiar ved fråvær

Skrivar

- ✓ Kalle inn til styremøter og AU møter i samråd med leiar
- ✓ Skrive referat frå alle styremøter, AU møter og medlemsmøter
- ✓ Sørge for å samle inn årsmelding frå gruppene og skrive årsmelding for hovudstyret
- ✓ Sørge for å sende inn årsmelding og årsmøtereferat med val til SFIK innan gitte fristar
- ✓ Organisere kurs
- ✓ Organisere idrettsfest
- ✓ Ansvar for annonsering
- ✓ Ha oversikt over søknadsfristar ang. ulike tilskot som for eksempel kulturmidlar

Kasserar

- ✓ Disponerer laget sine midlar og ha fullmakt til laget sine bankkontoar
- ✓ Ha kjennskap til kontoplan og føre rekneskap ihht lova
- ✓ Ha til ei kvar tid oversikt over laget og gruppene sin økonomiske situasjon og følgje opp denne
- ✓ Setje opp resultatrekneskap ved årslutt og sjå til at dette vert revidert til årsmøte
- ✓ Gje råd og rettleiing til gruppene sine kasserarar
- ✓ Setje opp budsjett

- ✓ Ha kontroll med medlemslister og kontingent
- ✓ Følgje opp idrettsregistreringa til gruppene

Gruppeleiarar

- ✓ Styremedlem i hovudstyret
- ✓ Lage aktivitetsplan for året
- ✓ Ansvar for oppdaterte medlemslister
- ✓ Ansvar for budsjett og treningsavgift saman med styret
- ✓ Sørgje for at gruppa fungerer
- ✓ Gjennomføre idrettsregistrering

Varamedlem

- ✓ Første vara møter på alle styremøter og AU møter.

Revisor

- ✓ Revisor skal vurdere om årsrekneskapen er utarbeidd og fastsett i samsvar med idrettens rekneskap- og revisjonslovnad. Samt sjå til at styret har oppfylt plikta si om skikkeleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane.

Valnemd

Valnemnd har ein av laget sin viktigaste oppgåve. Dei har ansvar for personalmessig og funksjonelle utvikling av laget ved å rekruttere nye styremedlemmer

- ✓ Valnemnda skal ha skriftleg melding får medlemmer som ikkje tek attval seinast 31.12. kvart år. Kopi til medlemmane i AU.
- ✓ Ha dialog med hovudstyret ang ulike kandidatar for styreoppdrag og på den måten finne personar som er kvalifisert, har kunnskap, tid og interesser for oppdraget
- ✓ Under årsmøte presentere valnemnda sitt forslag

Undergruppene

- ✓ Kvar gruppe skal ha minst fire personar i styret, avhengig av gruppa sin storleik. Hovudstyret kan delegere oppgåver og arrangement til undergruppene.

Aktivitet

IL Høyang er eit fleiridrettslag med desse undergruppene: Fotball, handball, turn, karate, innebandy, friidrett, barneidrett og vinteridrett.

Anlegg

IL Høyang disponera:

- ✓ Sentralidrettsanlegg som inneheld; Høyangerhallen, Sletta kunstgras og Sletta grasbane
- ✓ Laget er medeigar av hytte på fjellet, Falkenhytta. Hytta har eige hyttestyret og vert leigd ut til ulike formål til alle, ikkje berre medlemmer.

Arrangement

- ✓ Hovudstyret arrangerer årleg idrettsfest for medlemmer over 18 år
- ✓ Dei ulike gruppene har faste arrangement som kick-off for handball og fotball (born og ungdom). I tillegg er det minihandballturneringar og miniputteturnering i fotball. Seniorfotball arrangerer Superlaurdag med både herre og damekamp. Tradisjon med juleturnering både innan fotball og handball. Dette er for alle aldersgrupper.
- ✓ Friidretten er medarrangør på trappeløpet i samband med «Gøyanger»

Informasjon

- ✓ Eiga heimeside under arbeid. I tillegg har alle gruppene egne FB side.

Økonomi

- ✓ Hovudstyret er juridisk ansvarleg for laget sin økonomi
- ✓ Kasserar er ansvarleg for å setje opp budsjett før årsmøtet
- ✓ Alle store innkjøp utover budsjett hos gruppene skal godkjennast av hovudstyret.
- ✓ Hovudkasserar skal ha innsyn i alle gruppekontoane
- ✓ Økonomi skal alltid vere på sakslista på styremøta under sak «status gruppene»
- ✓ Gruppene kan søkje om ekstra midlar frå hovudstyret ved behov. Skriftleg søknad til AU.

Rekneskap

Alle gruppene skal føre eige rekneskap. Frå 2016 skal alle undergruppene avhalde egne møter før årsmøte i idrettslaget. På dette møte skal ein m.a. handsame rekneskapen , årsmelding og budsjett. Kasserar i gruppa er ansvarleg for å halde fristar og levere rekneskapen til revisor i god tid før årsmøtet.

Gruppene og hovudstyret skal føre eit rekneskap ihht rekneskapslova. Kvar gruppa har eigen konto som skal stå i klubben sin namn.

Frå 2016 skal alle i styret signere både årsmeldinga og rekneskapet til hovudstyret.

Medlemskontingent

Denne skal fastsettast på årsmøtet som eiga sak.

Kontingenten skal betalast for kvart enkelt medlem eller som familiemedlemskap.

Born/ungdom tom 19 år: kr 150,-

Vaksne over 19 år : kr 300,-

Familiemedlemsskap : kr 500,-

Støttemedlem : kr 150,-

Reklame/sponsoravtalar

Leiar har hovudansvar og forhandlingsrett. Alle sponsoravtalar skal godkjennast av hovudstyret.

Klubbdrakter/logo/brevmal



Idrettslaget Høyang
Postboks 244, 6991 HØYANGER

Klubben sine farger på drakter er : Raud og kvit

Klubben har gått til innkjøp av eiga maskin til trykking.

Det skal vere logo på alle drakter og anna offisielle treningsklede

Når det gjeld trykk av reklame skal dette godkjennast av styret.

Plassering av reklame skal komme fram i sponsoravtalane.

Ansvarleg for trykking melder inn utført arbeid til kasserar som sender ut faktura.

Hovudlaget betalar for trykk av logoar og avtala sponsorreklame.

Personleg trykk (som f.eks namn og initialar skal gruppene/utøvarane sjølv betale)

Laget har avtale med Coop Sport'en ang treningsklede samt avtale om rabatt for medlemmer på disse plagga.

Reiserekning

Reiser skal godkjennast på førehand av styreleiar eller gruppeleiar

Krav til reiserekning:

- ✓ Alle fyller ut:
 - Namn, adresse, personnummer og bankkontonummer
 - Til og frå og dato for reisa
 - Føremål med reisa

Originalkvitteringar skal alltid ligge ved.

Bruk av privatbil/»foreldrekjøring»

Dersom ikkje lagsbussen er ledig og ein må bruke privatbil til kamp, skal sjåføren krevje betaling av alle passasjerar. Beløpet kan variere ut i frå lengda på reisa. Som eit ledd i fokus på trygg trafikk når ein er på reise for idrettslaget, skal sjåførar av privatbil vere fylt 23 år før dei kan ta med passasjerar under 18 år i bilen.

Mobbing, seksuell trakassering og overgrep

IL Høyang godtek ikkje mobbing eller utestenging. Vi er eit inkluderande idrettslag. Skjer det hendingar som involverer mobbing skal ein melde i frå til trenar, lagsleiar eller oppmann.

Idrettslaget har nulltoleranse for seksuell trakassering og overgrep. Ved situasjonar som omhandlar seksuell trakassering og overgrep kan ein i tillegg til trenar, lagsleiar eller oppmann, melde inn til hovudstyret.

Vi følgjer Norges Idrettsforbund sine retningslinjer for seksuell trakassering og overgrep. Disse retningslinjene er innarbeida under reglane for IL Høyang nedst i dette dokumentet.

Politiattest

Alle som er involvert med born under 18 år i IL Høyang må framleggje politiattest.

Leiar for IL Høyang er ansvarleg for politiattestane. Sjå NIF sine sider for skjema og anna informasjon. AU kan kontaktast for «stadfesting av formål». Denne skal følgje skjemaet.

Reint idrettslag

I IL Høyang har alle i støtteapparatet (trenerar, lagsleiarar mm) samt medlemmer forplikta seg gjennom medlemskapen å følgje NIFs lov og dopingføresegn.



Laget har ein eigen antidopingpolicy vedteken i 2011. Hovudstyret er ansvarleg for at denne vert kjent for alle medlemmane.

Vi oppmodar alle som har speakerteneste på sine arrangement om å lese opp standpunktet til IL Høyang saman med FAIR-PLAY reglane.

Fair-play

Fair Play handlar om korleis vi oppfører oss mot kvarandre, både på og utanfor bana!



Utøvarar, trenarar, leiarar, dommarar og føresette/foreldre har alle eit ansvar for å forsterke det gode miljøet. Alle har også eit ansvar for å endre og/eller påverke haldningar der ein opplever episodar preget av manglande respekt og toleranse.

Krisehandtering

IL Høyang har utarbeid ein krisehandteringsplan i januar 2016. Planen fortel korleis laget skal opptre i ulike krisesituasjonar. Vi har laga oversikt over kven som har ansvar, kven som skal kontaktast og organisering av krisearbeidet.

Hovudstyret er ansvarleg for å gjere planen kjend for alle gruppeleiarar, trenarar og oppmenn mm.

Reglar for IL Høyang

Følgende retningslinjer gjelder i IL Høyang

- ✓ Behandle alle med respekt, og avstå fra alle former for kommunikasjon, handling eller behandling som kan oppleves som krenkende.
- ✓ Unngå berøringer som kan oppleves som uønsket.
- ✓ Unngå alle former for verbal kommunikasjon eller intimitet som kan oppleves som voldelig eller seksuelt ladet.
- ✓ Unngå uttrykk, vitser og meninger som omhandler utøveres person, herunder evne, kjønn eller seksuelle orientering, på en negativ måte.
- ✓ Tilstrebe å ha begge kjønn representert i støtteapparatet.
- ✓ Unngå kontakt med utøvere i private rom uten at det er flere til stede eller det er avtalt med foresatte eller idrettsledelsen.
- ✓ Vise respekt for utøverens, trenerens og lederens privatliv.
- ✓ Unngå doble relasjoner. Dersom et gjensidig forhold etableres bør situasjonen tas opp og avklares åpent i miljøet.
- ✓ Ikke tilby noe form for motytelse i den hensikt å forlange eller forvente seksuelle tjenester i retur.

Retningslinjer for foreldre/føresatt:

- ✓ Respektere laget sitt arbeid. Det er frivillig å vere medlem av IL Høyang, men er du med følger du våre reglar
- ✓ Engasjer deg, men hugs at det er borna som driv idrett – ikkje du
- ✓ Respekter trenaren – deiras arbeid og anerkjenne dei ovanfor borna dine
- ✓ Lær borna folkeskikk – gå føre med godt eksempel
- ✓ Lær born å tole både medgang og motgang
- ✓ Motiver borna til å vere positive på trening
- ✓ Vis god sportsånd og respekt for andre
- ✓ Ved ueinighet snakkar du med den det gjeld – ikkje om!
- ✓ Hugs det viktigaste av alt; er at borna trivs og har det kjekt!

Retningslinjer for utøvarar:

- ✓ God haldningar
- ✓ Respekter kvarandre
- ✓ Lojalitet mot klubb og trenar
- ✓ Hjelpe og motivere kvarandre
- ✓ Følgje klubben sine reglar
- ✓ Godt samhald
- ✓ Stille opp på treningar og stemne/kampar ein har forplikta seg til
- ✓ Vise engasjement
- ✓ **MOBBING ELLER UTESTENGING ER IKKJE AKSEPTERT**

Retningslinjer for trenarar:

Som trenar i IL Høyang skal du bidra med:

- ✓ Å fremje eit godt sosialt miljø, lagånd og venskap
- ✓ At ein utøver kan drive med fleire idrettar
- ✓ Samarbeide og ha god kommunikasjon med andre trenarar, leiarar og føresette
- ✓ Å vere eit godt førebilde
- ✓ Å møt presis og vere godt førebudd til kvar trening
- ✓ Å vere ein god inspirator og motivator
- ✓ Å bry deg litt ekstra og involver deg i utøvarane dine
- ✓ Å vise god sportsånd og respekt for andre
- ✓ Å vere bevisst på at du gjev alle utøvarane merksemd
- ✓ At ein kvar utøvar eller gruppe skal utfordras til å utvikle sine ferdigheiter